



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	23/221

### SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV AKTIVITETSHUSET SYKEN

**Vedlagte saksdokument:**

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Støtte til vedlikehold av avktivitetshuset Synken

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 20 000.- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal vel/Synken for vedlikehald av den gamle arbeidarbustaden Synken, som grunnlag for ålmenn bruk til aktivitetar og opplevingar.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i føremålet med - og retningsliner til - bygdeutviklingsmidlane.

Tilskotet utgjer 80 % av dokumenterte kostnadjar, med kr. 25 000,- om øvre, godkjent kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Oversyn for gjennomført dugnadsarbeid skal leggjast ved.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

**Saksopplysningar:****Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Den ideelle organisasjonen «Vaksdal vel/Synken søker om bygdeutviklingsmidlar til vedlikehald av arbeidarbustaden Synken på Vaksdal, som grunnlag for bruk av huset til ålmennnyttig aktivitet.

Kostnaden med planlagt arbeid er budsjettert til kr. 25 000,-. Verdien av eigeninnsats gjennom dugnad, kjem i tillegg (ikkje spesifisert).

Kommunedirektøren finn at tiltaket er innanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og går inn for å løyve inntil kr. 20 000,- til vedlikehaldsarbeidet. Dette utgjer 80 % av godkjent kostnad på kr. 25 000,-.

**Bakgrunn for saka**

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i bygdeutviklingsmidlar til fordeling i 2023. Utvalet fordeler midlane på bakgrunn av innkomne søknadar, etter innstilling frå Kommunedirektøren. «Mars-omgangen» er den første av to tildelingsrundar.

I søknad av 13.02.23 søker Vaksdal Vel/Synkens Venner om tilskot til vedlikehald av Synken, ved maling og diverse tømrararbeid (skifte av kledningsbord, utbetring av dørstokk og reparasjon av inngangsdør).

Kostnaden med arbeidet er budsjettert til følgjande:

• Leige av stillas	: kr. 14 000,-
• Innkjøp av maling og utstyr	: kr. 5 000,-
• Tømrararbeid	: kr. 6 000,-
SUM	: kr. 25 000,-

I følgje søknaden er Vaksdal Vel/Synkens Venner ein ideell organisasjon med mål om å skape trivnad i vaksdalbygda. Som del av dette skal foreininga ta vare på og forvalte den gamle arbeidarbustaden «Synken» på Vaksdal, gjennom tilrettelegging for ålmenn bruk.

I følgje registreringa i Brønnøysundregistra skal alle arrangement i regi av Vaksdal vel/Synken, vere gratis for deltakarane. Organisasjonen er oppført i «Frivillighetsregisteret».

Av aktuelle aktivitetar nemner søker mellom anna forfattartreff i samarbeid med Vaksdal folkebibliotek og årlege lotteri til inntekt for Synken.

Det går fram at huset også vert leigd ut rimeleg til møte for ulike organisasjonar, og til private arrangement, som barnedåp, konfirmasjonar og liknande. Inntektene vert nytta til å dekkje faste utgifter med drift av huset. Elles vert gevinsten frå dei årlege basarane, nytta til praktisk vedlikehald, som stadig er naudsynt. Laget gjennomfører i dette høvet vesentleg med dugnadsarbeid.

Dugnadsarbeidet i samband med planlagt vedlikehald i 2023, er stipulert til 50 timer. Ved ei verdsetting på kr. 300,-/t, utgjer dette kr. 15 000,-

Synken fyller 120 år i år, og er viktig hus i Vaksdal, også i eit kulturhistorisk perspektiv, i følgje søker.

### **Formelt grunnlag/rammer:**

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.  
<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden frå Vaksdal vel/Synken er tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming etter krava i retningslinene for bygdeutviklingsmidlane.

Føremålet til Vaksdal vel/Synken, og innhaldet i søknaden, er i tråd med dei kvalitetane som bygdeutviklingsmidlane skal fremje, gjennom bruk og tilgjengeleggjering av huset for ålmenn bruk i vaksdalbygda. Sjølvé søknaden dreier seg ikkje om ålmenne aktivitetar, men eit vedlikehald som held huset i tilstrekkeleg stand, og som gjer aktiv bruk mogleg, både i regi av foreininga og andre som ønskjer å nytte det i ulike samanhengar. I dette høvet opnar retningslinene for å gje tilskot til «materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt, stader», som søknaden i stor grad dreie seg om.

Det har ved tidlegare høve vore søkt om - og gjeve tilskot til - vøling av ungdomshus i ulike grender, som skifte av tak og liknande. Dette har ofte vore store prosjekt, med vesentleg opprusting, der Bygdeutviklingsutvalet har diskutert om tiltaka fell innanfor intensjonen med midlane.

Tiltaket det no vert søkt om, er mindre omfattande, og har karakter av vedlikehald, utan å inngå som del av vanleg drift, noko det ikkje kan gjevast tilskot til.

Gjeldande retningsliner seier at det skal leggjast vekt på geografisk fordeling av midlane, med vekt på grender utan tidlegare tildelingar. I dette høvet har «alle» fått midlar opp til fleire gonger, også Vaksdal, og forholdet vert ikkje tillagt vesentleg vekt.

Sjølv om det ikkje er oppgjeve eit konkret søkerbeløp, oppfattar Kommunedirektøren at det vert søkt om 100 % finansiering av budsjetterte utgifter (kr 25 000,-), der tilleggsverdien av dugnadsarbeid vert rekna som eigeninnsats (kr. 15 000,-).

Retningslinene til bygdeutviklingsmidlane seier ikkje noko om øvre, prosentvis finansiering. I dette høvet har praksisen ved tildeling variert etter karakter og innhald, frå kring 50 % til 100 % finansiering av faktiske utgifter, med intensjon om at like saker skal handsamast likt.

*I gjeldande sak går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 20 000,- av dokumenterte utgifter, med kr. 25 000,- som øvre, godkjent kostnad. Dette gjev eit tilskot på 80 % av faktiske kostnadar, og 50 % ved å inkludere verdien av planlagt eigeninnsats.*

Framlegget til tildeling av tilskot til tiltaket, er vurdert opp mot tilgjengelege midlar, innkomne søkerbeløp og tidlegare praksis.